

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr.

Fylke:

N. Trøndelag

Tilleggsspørsmål nr.

til nr. 36

Herad:

Leksvik

Emne:

Helsing, fakter og ætferd

Bygdelag:

Leksvik sokn

Oppskr. av:

Johan Moan.

Gard:

Moan

(adresse):

Leksvik

G.nr.

8

Br.nr.

1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

Etter far og mor som er 79 og 77 år gamle.

B. Eller om den er etter andre heimsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

A.

## SVAR

Den som ikkje oppførte seg som han skulle vart kalla ein hånstær. Kva det i grunnen ligg i dette ordet veit eg ikkje sikkert, men hånstær skulle vera ein ting dei brukte i gamle dagar. Ordet vart og brukt om kvinnfolk, og da heitte det håntre.

Spørsmåla 1, 2 og 3 kan eg ikkje svara på, da dette er ukjent her.

B. Dei gamle var leie til å setja namn på folk.

sp. 4. Såvidt ein veit brukte folk aldri å gå på vitjing 1. juledag, så noko namn på slike fans eller fins ikkje.

sp. 5. Om den som ikkje fekk noko mytt plagg til jül, heitte det at han låut sitja på stabben jülaftan.

sp. 6. Den som ikkje gruidde det han skulle vart gjerne kalla ein tatl, ein tatlbükk eller ei krickja. Krickja var eit stativ til å svarva vognhjul i, og det låg mykje svi = vjønad i dette ordet.